

Alver kommune  
Avd. byggesak  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

**Arkoconsult AS**  
Postboks 103  
5291 Valestrandsfossen  
Telefon: 56 39 00 03  
Telefaks: 56 19 11 30  
E-post: [post@arkoconsult.no](mailto:post@arkoconsult.no)  
[www.arkoconsult.no](http://www.arkoconsult.no)

Dykkar ref.:  
18/2502

Vår ref.:  
Pål Kjetil Tufta

Dato:  
19.02.20

## **SØKNAD OM MELLOMBELS BRUKSLØYVE FOR TILTAK PÅ GBNR. 477/89 I ALVER KOMMUNE.**

Det vert med dette søkt om mellombels bruksløyve for tiltak på gbnr. 477/89 i Alver kommune, oppføring av firemannsbustad og sportsbod på tomt 2 i bustadfelt BK2. Tiltakshavar er Helland Eiendom & Invest AS.

Det vert vist til løyve om tiltak for oppføring av 4- mannsbustad og tilhøyrande sportsbod i sak 18/2955, jf. rammeløyve av 08.04.2019 og IG-løyve av 03.07.2019.

Tiltaket er no ferdigstilt og ansvarleg søkjar har mottatt samsvarserklæring frå alle utførande og kontrollerande føretak, der det går fram at det ikkje står att arbeid til hinder for mellombels bruksløyve. Sjå vedlagt oppdatert gjennomføringsplan i vedlegg G-1. Det er etablerte mellombels sikring av uteområda, sjå vedlegg Q-3

Det vert søkt om mellombels bruksløyve, då det står att ferdigstilling av veggen med asfalt i feltet. Det gjenstår også arbeider med permanent sikring av tomter og leikeplass. Arbeidet med sikringsgjerder starter veke 9.

Tiltaket er plassert i tråd med situasjonsplan. Sjå vedlagt innmålingsdata i Q-1-2.

Offentleg køyreveg er opparbeidd, men ikkje ferdigstilt med asfalt. Asfalteringa kan ikkje takast før det ikkje er fare for tele i bakken lengre. Det er søkt om mellombels bruksløyve for veganlegget. Sjå søknad sak 20/5035.

Ansvarleg røyrleggjar har sendt inn ferdigmelding for tilkobling til offentlig vatn og avlaup. Det er søkt mellombels bruksløyve for VA-anlegget i feltet. Sjå søknad sak 20/5035.

Leikeplass f\_LEIK 1 er opparbeidd med to leikeapparat samt bord og benk. Sjå vedlegg Q-3. Leikeplass er sikra med mellombels anleggsgjerde og steinar. Her gjenstår ferdigstilling med permanent gjerde. Arbeidet med montering av sikringsgjerder startar veke 9.

Parkeringsplass f\_PP1 er opparbeidd og grusa, og kan takast i bruk. Asfaltering vert gjort ved ferdigstilling av veganlegget i feltet. sjå bilder vedlegg Q-3

Grøntstruktur knytt til køyreveg o\_VEG1 er opparbeidd med jord. Sjå bilder vedlegg Q-4

Grøntstruktur knytt til f\_Veg er opparbeidd med jord.

Renovasjonsplassar er planerte ut. Sjå vedlegg Q-4 for bilder av grønntstruktur og renovasjonsplassar.

Avfallsplan vert levert i samband med søknad om ferdigattest for tiltaket. Det vert nytta felles avfallssortering for prosjekta ved tomt 1, 2 og 3. Sluttrekneskap for sorteringa av avfall vert gjort opp når prosjektet ved tomt 1 er ferdigstilt.

Ansvarleg søkjar har mottatt signert FDV-erklæring frå utbyggjar som bekreftar at tilstrekkeleg dokumentasjon som grunnlag for driftsfasen er overlevert byggverkets nye eigarar.

Ta kontakt dersom det skulle vera behov for ytterlegare informasjon i høve saka.

Med venleg helsing/Best Regards



arkoconsult

HTB-bygget, Postboks 103  
5291 Valestrandsfossen

**Pål Kjetil Tufta**  
**Faglig leder | Partner**

Direkte: +47 56390003 | Mobil: +47 99520416

Fax: +47 56191130

Epost: [lpkt@arkoconsult.no](mailto:lpkt@arkoconsult.no)



**arkoconsult**  
Arkoconsult AS